

## Intern smittevern-rettleiars for 2020/2021 – gjeldande frå 17.08.20

Nytt skuleår er klart, og me ynskjer å leggja mest mogeleg til rette for at me har ein skulekvardag med fokus på læring. Men Covid19 viruset er diverre rundt oss, og me må ta forhaldsreglar. Difor vidarefører me ein del tiltak som me hadde i slutten av vårhalvåret- **GULT NIVÅ**. Formålet med desse tiltaka er å forhindre smittespreiing og utbrot av covid-19 på skulen vår basert på «**Rettleiaren om smittevern for ungdomsskule og vidaregåande skule under covid-19 utbrotet 2020**».

### Generelt:

- ✓ Er ein sjuk / føler ein seg sjuk ?- du skal ikkje vera på skulen. Føler du deg sjuk ila skuledagen – gje straks melding til lærar
- ✓ Svært viktig at du har god handhygiene gjennom heile skuledagen
- ✓ Hald 1 m avstand til andre om mogeleg
- ✓ Unngå klemming og «fysisk nærkontakt»

### Tiltak når ein kjem på skulen

- ✓ Når ein kjem på skulen skal ei gjennomføra handvask med handspriten eller såpevask før ein går vidare inn i skuleområdet
- ✓ Gå direkte til undervisningsrommet / garderoben ein skal vera på

### Friminutt/pausar

- ✓ Klassane held seg mest mogeleg samla i friminutta/pausane
- ✓ Alle pausar føregår utandørs
- ✓ Hugs '1-meteren' når du kjem ut av klasserommet

### Tiltak i kantina

- ✓ Lunsjtida er kl 1155-1220, og middag frå kl 1500
- ✓ Alle tek ein handvask (såpe / handsprit) før ein hentar seg mat og drikke
- ✓ Lunsj kan kjøpast på 3 ulike stader:
  - I kantina
  - I hjarterommet
  - På galleriet i fjøsbygget.
  - Alle må ha god ryddedisiplin og alt skal ryddast vekk når ein går
- ✓ Mat og bestikk er pakka inn, og maten vert servert porsjonsvis
- ✓ All betaling skal skje med kort
- ✓ Borda vert vaska etter kvart måltid
- ✓ Borda i kantina/ hjarterom vert organisert med avstand mellom borda- elevar frå same klasse sit saman på dei ulike borda.

### Tiltak i klasserom

- ✓ Elevane skal ha faste plassar i klasserommet
- ✓ Grupperom kan brukast som før korona-tida
- ✓ Bordplate og kontaktpunkt i rommet vert vaska dagleg av reinhald

### Kroppsøving: Undervisning og bruk av garderobar

- ✓ Kroppsøvingundervisninga skjer utandørs i oppstarten – fram til 21.sept
- ✓ Garderobar kan nyttast og det same gjeld for bruk av dusjane

### Tiltak på TIP-verkstad

- ✓ Hald avstand både i garderobe og på verkstad
- ✓ Vask hendene når ein kjem og reiser frå verkstaden.
- ✓ Faglærer vil gå gjennom smitteverntiltaka som gjeld på verkstaden
- ✓ Elevane brukar hanskar (monterings-/eingongs-) i arbeidet der det trengs
- ✓ Fyl TIP sin plan for reinhald av benk, maskin og verktøy ved slutten av økta
- ✓ I TIP-gangen er det viktig at det ikkje vert oppsamling av elevar

### Tiltak på BA-verkstad

- ✓ Hald avstand både i garderobe og på verkstad
- ✓ Vask hendene når ein kjem og reiser frå verkstaden.
- ✓ Faglærer vil gå gjennom smitteverntiltaka som gjeld på verkstaden
- ✓ Elevane brukar hanskar (monterings-/eingongs-) i arbeidet der det trengs
- ✓ Fyl BA sin plan for reinhald av benk, maskin og verktøy ved slutten av økta
- ✓ I BA-gangen er det viktig at det ikkje vert oppsamling av elevar

### Tiltak på EL-verkstad

- ✓ Hald avstand inne på verkstad
- ✓ Vask hendene når ein kjem og reiser frå verkstaden.
- ✓ Faglærer vil gå gjennom smitteverntiltaka som gjeld på verkstaden
- ✓ Elevane brukar hanskar (monterings-/eingongs-) i arbeidet der det trengs
- ✓ Fyl EL sin plan for reinhald av benk, maskin og verktøy ved slutten av økta

### Tiltak på NA-verkstad/fjøs /stall

- ✓ Hald avstand når ein er i garderoben.
- ✓ Vask hendene når ein kjem og reiser frå praksisøkta.
- ✓ Faglærer vil gå gjennom smitteverntiltaka som gjeld for arbeidet.
- ✓ Fyl planen for dagleg reinhald av traktor, maskiner, reiskap og verktøy ved slutten av økta.

### Tiltak på RM-kjøkken

- ✓ Vanlege rutinar for kjøkkenhygiene gjeld. Ha gode rutinar for handhygiene
- ✓ Utstyr som vert brukt av fleire må reingjerast etter bruk
- ✓ Hald avstand når ein er i garderoben
- ✓ Vask hendene når ein kjem og reiser frå kjøkkenet

- ✓ Faglærer vil gå gjennom smitteverntiltaka som gjeld for kjøkkenet
- ✓ Fyl RM sin plan for reinhald av benk, kniv, maskin og anna ved slutten av økta

### Tiltak transport / skulebilar

- ✓ Bruk av offentleg transport til og frå skulen bør om mogleg avgrensast
- ✓ Skuleurar, som inneber tett samling av elevar i store grupper og på offentleg transportmiddel, bør unngåast
- ✓ Bruk av skulebilar: Elevane i same klasse kan transporterast til øvingsarena/arbeidsplass som før

### Tiltak på internatet

- ✓ Elevar bruker spritvask når dei kjem inn på internatet
- ✓ Det er maks 2 personar inne samstundes på eit hybelrom
- ✓ Ein bruker våtserviettar til å tørka på felles bad i dubletten
- ✓ Eigne smittevernreglar for bruk av film-, trenings- og vaskerommet
- ✓ Instruks for bruk av kjøkken :
  - Maks to elevar samstundes som lagar mat, og hald avstand
  - Brukt utstyr og berøringspunkt må vaskast etter bruk
- ✓ Elevar som får symptom på influensa, vert vurderte som Covid-sjuka, og må vera på rommet sitt og hentast av føresette same dag. Om ikkje må ein isolerast frå kontakt med andre fram til henting. Rom må reingjerast i etterkant.
- ✓ Reinholdar vil i tillegg til reinhald av golv, vaska alle dørhandtak og flater og handtak inne på kjøkkenet og på andre fellesareal
- ✓ Det er ikkje opna for besøk av andre til elevar på internatet, fram til 17.sept

XXXX

### Elev/tilsett og symptom på korona-smitta på skulen

	Tiltak	Ansvar	Merknader
1.	Elevar / tilsette som får symptom på luftvegsinfeksjon, <b>skal sendast heim</b> straks. For elevar som ikkje er myndige, skal føresette varslast straks og eleven må hentast	Den enkelte sjølv / faglærer / skuleleiing. Kontakt med føresette: Merkantilt	Den som er smitta skal ikkje ta offentleg transport
2.	Isolering av den smitta på eige rom. Rom 1106 skal nyttast primært	Skuleleiinga	Isolering må skje på eige rom eller ute
3.	Den som er smitta, må få tilgang til munnbind straks	Skuleleiinga	Munnbind må lagrast på merkantilt avd
4.	Alle rom, toalett og utstyr som den smitta har brukt, må reingjerast og desinfiserast før andre tek dette i bruk	Reinhaldar	Skuleleiinga må straks gje melding til reinholdar når isolering skjer.
5.	Den smitta skal testast og/ eller vera i karantene etter råd frå helsevesenet	Føresette / helsevesen	Kontaktlærer held kontakt med elev / føresette